

Fra: ASLAUG AALEN <aslaalen@online.no>
Sendt: 30. september 2014 21:56
Til: Postmottak Meland
Emne: Høyringsuttale kommuneplanens arealdel

Uttale til høyring av kommuneplanens arealdel Meland.

Vi er imot den store utvidinga av Frank Mohn sitt område på Flatøy.

- Utfylling i sjø vil fylle igjen det eine sundet inn til Flatøyosen, dette vil føre til endringar i straumforhold og det marine økosystemet.

-Flatøyosen med Håøy og Lillebergen er eit regionalt viktig utfartsområde på sjø, dette går ikkje fram av konsekvensutgreiinga.

-Konsekvensutgreiinga er mangelfull og gjev ikkje eit godt nok avgjerdsgrunnlag for å setje av arealet til næring.

- Landareala rundt Flatøyosen er i planframlegget sett av til bustadføremål, småbåthamner, sjøsportanlegg og friområde. Alt dette bygger opp under Flatøyosen som viktig utfartsområde og legg til rette for meir friluftsliv og båtliv. Utviding av næringsareal i hjarte av dette området står i kontrast til dette. Frank Mohn Flatøy må få utviklingsmoglegheiter andre stader i kommunen eller regionen.

Vi viser elles til vår uttale til byggesaka til Frank Mohn, dagsett 1.desember 2013.

Helsing

John Martin Jacobsen og Aslaug Aalen
innbyggjarar på Krossneset, Flatøy